

Møteinnkalling

Utvalg:	Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Teams-møte
Dato:	23.04.2020
Tidspunkt:	12:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Orienteringer, ymse

- Tilsetting av forvaltar – status
- Besøksforvaltning – ny nettside, kartproduksjon, brosjyre, samarbeidsprosjekt med Innlandet FK, NPR og Breheimen (handlingsprogram)
- Tiltak 2020 – status om Slettvikane
- Arbeid i styret framover – faste møter med styreleiar, kvar veke/mnd., etter behov? Nyheitsbrev til styret for å oppsummere aktuelle saker?
- Aktuelle saker til behandling før styremøte 29.juni

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - montering av overvåkingsutstyr - bakkeantennener - Asbjørnsdalen - Lesjaskog beitelag		2020/4844

Arkivsaknummer:	2020/4844-2	Saksbehandlar:	Kristine Sørli	Dato:	21.04.2020
-----------------	-------------	----------------	----------------	-------	------------


Reinheimen NP - dispensasjon - montering av overvåkingsutstyr - bakkeantenner - Asbjørnsdalen - Lesjaskog beitelag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lesja kommune dispensasjon til å sette opp 5 basestasjonar med antennemaster i Reinheimen nasjonalpark, og motorferdsel for å køyre ut bakkeantennene med snøscooter. Føremålet med tiltaket er i samband med tapsavklaringsprosjekt, for å dokumentere tap av lam på utmarksbeite vest i Lesjaskog beitelag.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Mastene skal plasserast der det er 4G dekning som skissert på karet:



- Bakkeantennene med solcelle skal ha ei høgde på 2 meter, og skal boltast fast til fjell/stein.
- Basestasjonane med installasjonane skal fjernast frå nasjonalparken etter at prosjektet er avslutta.
- Dispensasjon til snøscootertransport gjeld 1 tur med 2 snøscooterar.
- Transporten skal gjennomførast så fort som mogleg, innan 26.april.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune.
- Køyretasé: Frå Rånå inn Asbjørnsdalen og beste farbare trase til basestasjonane. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i området ved køyretaseen.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/ Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617) eller Per Olav Haugen (mob: 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Køyrebok skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 kvart år, på følgjande elektroniske skjema:

http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at transporten også må avklarast med grunneigar. Ved bruk av leigekøyrar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekøyrarløyve gjeve av Lesja kommune.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post frå Erik Bakken, og Karl Øygarden, Lesjaskog beitelag, 14.april 2020
- Søknad e-post 16.april 2020, frå Lesja kommune


Saksopplysningar

Lesjaskog beitelag v/ Erik Bakken søker om motorferdsel med snøscooter for å transportere bakkeantennar til 5 høgdedrag innafør Asbjørnsdalen i Reinheimen nasjonalpark:

Viser til div telefonsamtaler og søker med dette om tillatelse til å transportere og montere bakkeantennar i.f.m. et prosjekt for å avdekke tap av lam på utmarksbeite. Prosjektet er finansiert av Fylkesmannen i Innlandet. Sendere monteres på hvert lam, og gir beskjed om posisjon, eller beskjed om ingen bevegelse. Dette er egentlig en enkel og velprøvd sak, men pga manglende telefondekning må det ut et antall antenner på strategiske plasser iht vedlagt kart. Dette er ny teknologi som er under utprøving. Antenna må stå så den har 4G dekning, og i tillegg dekke et formålstjenelig område i terrenget. Tror 5 antenner vil gjøre jobben, sikre kan vi først bli under montering-når signalkvaliteten måles. Antennene er ca 2 meter høye. Vedlagt bilde viser utseende. Skal så vidt jeg har forstått boltes fast til fjell/stein. Blir i sin helhet fjernet når prosjektet er slutt, antagelig etter beitesesongen 2020. Aktuelle plasseringer er Svarthø, Ørnpiggen/Brattfonnhø, Gravarhø, Grønhø (i Rauma) og Brennhø. Lesjaskog beitelag har tillatelse til å kjøre saltstein etc i området fra før, denne kan forhåpentligvis benyttes også til antennene.

Foto til høgre syner basestasjonane som skal plasserast, og kartet under er ei skisse over kor dei 5 basestasjonane skal plasserast.





Tiltaket er i regi av Lesja kommune som er tildelt midlar til prosjektet over *førebyggjande tiltaksmidler mot rovviltskader* (Miljø- og klimadepartementets budsjett). Prosjektet er ein del av eit tapsavklaringsprosjekt finansiert med støtte fra fylkesmannen i Innlandet og Rovviltnemnda region 3. På grunn av store tap vest i Lesjaskog beitelag, er det ønskelig å finne ut meir om tapsårsaker, da sauene her går spreidd over eit stort område, og det er enkeltbrukarar som har sau her, noko som gjer det vanskeleg å dokumentere tapsårsaker. Prosjektet er i utgangspunktet 2-årig, og er eit samarbeid med Oppland Radiobjøllelag, Lesjaskog beitelag og SNO, der Lesja kommune er tiltakshavar. I prosjektbeskrivelsen, står følgjande:

Bakgrunn

Prosjekt ble satt i gang januar 2020. Bakgrunn for prosjektet var at det over flere år har vært store tap på sau på utmarksbeite i besetningen til Erik Bakken. Erik Bakken har beitedyra sine lengst vest i Lesja kommune, og dyra går også over til Rauma kommune, Møre og Romsdal fylke. Prosjektet skal bidra til å dokumentere tap på utmarksbeite.

Prosjekt

Det er lagt opp til ett to-årig prosjekt med utprøving av radiobjeller/dødsvarslere på lam. 2020 er første året. Oppland radiobjøllelag står for innkjøp av radiobjeller, som i prosjektperioden er øremerka til bruk i prosjektet. Bruk av radiobjeller vil bli kombinert med mer bruk av kadaverhundekvipasjer og økt tilsyn. Prosjektet har kontakt med SNO i forhold til prioritering av kadaverfunn.

Organisering

Bruk av radiobjeller på alle lam som Bakken slipper på utmark. Det anslås å bli 250 lam. Beiteområdet er krevende, store arealer og liten tilgjengelighet, både med tanke på avstand fra vei og dekning. Det skal settes opp basestasjoner på tre utvalgte plasser for å få dekning i hele beiteområdet. Dette gjør at prosjektet bli litt dyrere, men øker også sannsynligheten for at det blir mer vellykket.

Det er i tillegg til radiobjellene planlagt å bruke kadaverhundekvipasjer.

Det skal leies inn ekstra tilsyn siden området er så stort og krevende.

Tilsynspersonell, kadaverhundepersonell, gjetere og dyreeier skal delta i arbeidet med uttrykking ved dødsvarsler på radiobjellene. Det må opprettes en egen SMS-gruppe for rask varsling, og koordinering av uttrykking. Alle deltakere i uttrykingsgruppa blir skolert i forhold til bruk av GPS og SNO skal kurse de i håndtering av kadaver og dokumentering gjennom fotografering.

Budsjett er utarbeidet i samarbeid med Johnny Mathisen og Pål Kjørstad som har flere år med erfaring fra lignende prosjekter.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

All motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrift § 3, pkt. 6.1. Verneforskrifta § 3, pkt. 6.3, opnar for ulike føremål det etter søknad kan gjevast dispensasjon til, som t.d. nødvendig varetransport til buer, hytter, transport av båt og utkøyring av salt i regi av beitelag. I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark er ikkje føremålet med transporten spesifisert i vernereglane, og søknaden om motorisert ferdsel må derfor vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. »

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er tap av beitedyr omtalt på s. 35-36, står følgande:

Beite § 3, pkt 2.2 a. §4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Beite er tillate etter verneforskrifta.

Etter søknad om dispensasjon kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til oppsetting av nødvendige linkar/sambandsutstyr for bruk av elektronisk bjelle ("databjelle") på sau.

Motorisert ferdsel er særleg konfliktylt fordi verneområda skal vera skjerna for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål. Motorisert ferdsel skal haldast på eit nødvendig minimum. Vidare står det at motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål, i regelen skal skje ved bruk av leigekøyrar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.).

Turar på vinterføre skal normalt avgrensast til 1 – 5 turar, og køyring etter 20.april, ev. 3.påsekdrag om den er seinare, skal ikkje skje.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Tiltaket er knytt til beitenæring i verneområdet, og det er i forvaltningsplan teke høgde for oppsetting av nødvendig sambandsutstyr for bruk av radiobjeller på sau.

Dersom ein gir dispensasjon skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10

(økosystemtilnærming og samla belastning). I Reinheimen og tilknytte verneområde er det totalt 16 beitelag, og godt over 20 000 sau+lam på utmarksbeite. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert det som lite sannsynleg at det blir mange andre liknande saker i verneområdet. Det er god oversikt over beitenæringa og tapsproblematikken i Reinheimen og verneområda elles. Tiltaket er også eit 2-årig prøveprosjekt med støtte frå fylkesmannen i Innlandet og Rovviltnemnda region 3, og finansiert med midlar til førebyggjande tiltak mot rovviltskadar (Miljø- og klimadepartementets budsjett). Tapsavklaringsprosjekt har som mål å finne ut meir om tapsbiletet i det konkrete området, og bidra til å dokumentere tap av lam da det er store tap og eit til dels krevjande terreng. Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap i Reinheimen er godt dokumentert gjennom forvaltningsplanarbeidet, fagrapportar, og skjøtelsesplanarbeidet i området, jf. nml § 8, og kjem ikkje i konflikt med tiltaket. Bakkeantennene er midlertidige installasjonar, og vil ikkje vera eit permanent inngrep som pregar naturlandskapet. Tiltaket med oppsetting av dei midlertidige basestasjonane strider ikkje mot verneføremålet, og vil ikkje vera til ulempe for verneverdiane i området.

Når det gjeld motorfersel må det i dette tilfelle gjerast unntak, da den generelle fristen for køyring er 20.april. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og forvaltar er jamleg i kontakt med sekretær for villreinutvalet, for å få oppdatering på villreinflokkane i området. I følgje sekretær i villreinutvalet, vil køyring inn Asbjørnsdalen på denne tida ikkje vera i konflikt med villrein. Villrein er noko spreidd, men fostringsflokkane har trekt søraust i nasjonalparken ved Fellingsvatnet innafor Lordalen. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av snøscooter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet i dette tilfelle.

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning”, skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyring i verneområdet. Transporten skal gjennomførast med leigekøyrar, og belastninga for verneområdet er forbigående og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.